

Mykje vatn!

07.12.2017



Tverrelva har i dag selskap av mange bekkar i Kvitlane.

Vermeldarane har førebudd oss på ekstremt mykje regn, og det har dei fått rett i. Regnet har sila ned jamnt og trutt, og oljehyra har kome godt med. Ein tur rundt dalen i middagstida stadfesta også dette. Uskedalselva er svært stor, og den går ut over sine breidder mange stader.

I fjellsidene og liene er det tett mellom kvite fossande bekkar som vi ikkje ser til dagleg. I Kvitlane er det tett mellom dei. Tverrelva er stor og har selskap av mange nabobekkar i dag. Uskedalselva går over sine breidder fleire stader. Frå Dønhaughølen forbi Djupehølen og ned mot Skulebruo er det store innsjøar på begge sider av elva. Mange mindre bekkar går også utover sine breidder. Døsslandsbekken renn i eit elveløp i tillegg, mesteparten av strekningen sin. På Rabben Feriesenter var vasstanden så høg at båtane som var lagt i opplag for vinteren ved servicebygget, såg ut som dei var sjøsette. Dette og andre bilde frå Rabben og resten av Kvinnherad kan vi sjå på bildeseriern til kvinnheringen.no. Klikk [HER](#), (abo)



På Feet ved Djupehølen.



På Leite ved Djupehølen, bildet er teke frå Feet.



Døslandsbekken hadde laga seg nytt leie heilt til Brubekkebruo.



Rudt Tverrelva viste nedbøren godt igjen.



Frå Dønhaughølen og nedover var det store basseng på begge sider. Slik såg det ut frå Myklebust.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.